



Skarsvåg Rør og Interiør AS
Melandsvegen 15
5919 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: Ref.:WYN6FB-

Skjemanr.:3934

Vår: 21/5965 - 21/49585

Saksbehandlar:

Linda Hammersvik Folkestad

linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:

08.07.2021

Mellombels svar på rørleggermelding - gbnr 338/58 Refskar

Kommunen stadfestar å ha motteke ny rørleggarmelding – gbnr 338/58 Refskar

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nytt situasjonskart (VA-kart) som viser rørføring frå veggiliv til tilknytingspunkt i kommunal kum. Utvendig stoppekran skal være vist på situasjonskartet.
2. Alver kommune vil ikkje godkjenne ny skjøt – t.rør i sjøen, sjølv om slike tilknytningar har vore akseptert av Meland kommune. Ny privat sjøleidning må førast i land før den vert knytt på privat felleisleidning.
3. Før rørleggarmeldinga kan godkjennast skal ny sjøleidning være godkjent av Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS.
4. Ved ilandføring av ny sjøleidning skal det ligge føre tinglyst erklæring om rett til å legge leidninger over annan manns grunn.
5. Innsende erklæringer om felles solidarisk ansvar for privat leidningsnett som er felles fram til kommunal kum er mangelfull. Ut i frå innsendt situasjonskart er det fleire eigedommer som er knytt på privat felleisleidning. Vi gjer merksam på at alle som er knytt på felleisleidning skal signere på avtalen. Alle kan signere på ein avtale som tinglysast.
6. Det vil også være krav om at det i kommunal kum vert sett inn vassmålar på privat felles vassleidning. Kommunal vassmålar kan hentes på driftsstasjonen.

Kommunen ber om at tilleggsmålingar vert sendt inn samla innan 01.08.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Arne Helgesen
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Skarsvåg Rør og Interiør AS

Melandsvegen 5919
15

FREKHAUG